

## SAMARBEIDSUTVALET VED REINLI SKULE OG BARNEHAGE

hadde møte tysdag 19.januar 2010

8 av 10 møtte

### **Høyringsdokument skulestruktur, Driftstilpasning 2008 – 2011**

Som tilbakemelding på høyringsdokumentet, ønskjer SU å kommentere følgjande:

#### **Kommunestyret sitt vedtak 24.09.2009**

SU førheld seg til vedtaket som vart gjort 24.sept.09 når det gjeld øvre del. Men SU er innstilt på at vedtaket om skulestrukturen frå 2010/2011 vert ståande. Dette for å sleppe fleire rundar om skulestrukturen, og for å få ei forutsigbar framtid.

#### **1) Bygningsmasse**

SU er veldig klare på at Bagn skule **må** vera ferdig utbygd og klar til å ta imot Reinlielevane hausten 2010

Øverst på s.7 i HD (høyringsdokumentet) blir det take som sjølvstøtt at alle elevane i dei største klassane sjeldan er inne i klasserommet samstundes. Dette synest SU er ein formasteleg tanke: det bør tvert imot takast utgangspunkt i at det skal vera plass til alle.

SU skjønar ikkje kvifor det ikkje kan byggjast skikkelege klasserom med ein gong i staden for 4 (mot før 5) grupperom som til og med blir mindre enn først planlagt (13,2 kvm mot før 16 kvm) Behovet for meir plass kjem fort, og alle (i alle fall dei fleste) veit at det på sikt er penger spart på å bygge skikkeleg med ein gong.

#### **2) Skuleskyss**

Punktet om skuleskyss heng tett saman med vegstandarden mellom Bagn og Reinli. SU ser det som særst viktig at vegen vert utbetra i samband med overføring av skuleelevar frå Reinli til Bagn, og overføring av barnehageborn frå Bagn til Reinli. Vegstandarden lyt oppgraderast monaleg for å få ein sikker veg for borna. Dette spørsmålet må ein sjå i samanheng med oppsamlingsplass for henting av skuleelevar og behovet for parkeringsplass ved den komande stor-barnehagen ved Reinli skule og barnehage.

SU støtter alternativet med tilkøyringsbuss frå Stavadalen slik at elevane får kortast mogeleg

reisetid til og frå skulen. Men det blir ikkje ideelt med oppsamlingsplass ved skulen, avdi elevane samlast for å vente på bussen omtrent samstundes med at det kjem mange bilar frå Bagn med ungar til barnehagen. Dette vil skape mange farlege situasjonar.

Det står nemt i HD(s.9) at det mest hensiktsmessige er at barnehageforeldra køyrer inn på parkeringsplassen ved inngangen til samfunnsdelen, men den plassen vil bli oppteken av dei ansatte sine bilar. Barnehageforeldra vil berre kunne køyre inn og rygge ut att, og det

vil og skape mange farlege situasjonar.

SU ynskjer såleis at Sør-Aurdal kommune vil løyse parkeringsbehovet i samband med at Reinli barnehage får auka talet på born frå 18 i 2009/2010 til ca.

70 born i 2010/11

Når det gjeld punktet Økonomi, kan ein ikkje berre gå ut i frå at ungdomsskuleelevane nyttar flexitid, og at det på den måten blir ledige bussplassar. Det bør vera eit sete til alle.

### 3) **Årsverk**

SU undrar seg på korleis antal årsverk for assistentar er utrekna. Det må då vera behov for minst det dobbelte, når ein veit at det er mange framandspråklege elevar i tillegg til elevar med ulike vanskar.

I høyringsutkastet står det at assistentressursen vil få ei innsparing på 1,84 årsverk, medan ein i røynda vil få bruk for om lag 0,39 årsverk i tillegg til den noverande ressursen.

### 4) **Flytting**

SU støtter lærarane ved skulen i at dei får bruke heile våren til å rydde og kaste, og ikkje måtte vente til sommaren med å få containere til dette. Det vil vera ein stor fordel om dei fekk ein container til disposisjon ved påsketider. Det vil gjera ryddearbeidet lettare, og dessutan vil ein slik langsiktig ryddeprosess gje eit betre oversyn over kva for ressursar ein skal behalde og kva ein skal kaste.

## **Barnehagen**

SU saknar tal når det gjeld personalressursar.

Når barnehagen tek over skulebygningen, er det viktig at samfunnsdelen, - gymsalen med kjøkken, garderober, vestibyle (hovudinngangen nede) og foajeen (nå møterom) – blir ståande urørd. Barnehagen får sjølvsagt bruke gymsalen, men ikkje innreie han med ”barnehageting”.

Bygdefolket må – som dei gjer nå - kunne bruke samfunnsdelen til ulike arrangement.

Ad endringer ute: Fotballplassen bør ”fredast”. Det er ein viktig møteplass for ungar/ungdom i bygda. Det er alltid stor aktivitet der på ettermiddag og kveld. Det er ille nok å miste skulen sin, om dei ikkje skal miste fotballbanen og.

Terje Mikael Hasle Joranger  
Leiar

Björg Ingrid Brenno  
sekretær